Meland kommune

Sudmann og Vaage Bygg AS
Dalemarka 85
5918 FREKHAUG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Tore Johan Erstad | 12.08.2014 |
| Vår: 14/2452 - 14/12010 | tore.johan.erstad@meland.kommune.no | |

# Godkjenning - Søknad om endring av ansvarsrettar

**Administrativt vedtak. Saknr: 228/2014**

**Saksutgreiing:**

Det vert vist til søknad om endring av ansvarsrettar i sak 14/245.

Ved vedtak datert 28.8.2014 gav Meland kommune løyve til oppføring av einebustad med integrert garasje og tilkopling/utføring av sanitæranlegg på gnr 22 bnr 105 i Mjåtveitmarka.

Som følgje av konkursen i Walde Hus AS vinteren 2014, er det søkt om følgjande endringar av ansvarsrettane for tiltaket:

(1) Endring av ansvarleg søkar (SØK) frå Walde Hus AS til Sudmann og Våge Bygg AS
(2) Endring av ansvarleg utførande (UTF) for radonsikring frå Magne Hope AS til Betongentreprenør T. Dale AS
(3) Endring av ansvarleg utførande (UTF) for tømrararbeid, montering av trekonstruksjonar og ventilasjon frå Walde Hus AS til Sudmann og Våge Bygg AS

I brev av 11.6.2014 ba Meland kommune om ytterlegare opplysningar om avgrensing av ansvar mellom tidlegare og nye føretak, oppdatert gjennomføringsplan og tilleggsdokumentasjon i samband med søknad om lokal godkjenning av ansvarsrett som ansvarleg søkar.

Tilleggsdokumentasjon vart motteke 7.8.2014.

**Vurdering:**

Med henvisning til søknad og tilleggsdokumentasjon motteke 7.8.2014, finn Meland kommune at endring av ansvarrettar kan godkjennast som omsøkt.

Godkjenning av ansvarsrettar:

| **Føretak** | **Godkjenningsområde** |
|---|---|
| Sudmann og Våge Bygg AS<br>Sentral og lokal godkjenning<br>Organisasjonsnummer 992 845 465 | - SØK (tkl 1)<br>- UTF tømrararbeid, montering av trekonstruksjonar og ventilasjon (tkl 1) |
| Betongentreprenør T Dale AS<br>Lokal godkjenning<br>Organisasjonsnummer 994 515 314 | - UTF, radonsikring (tkl 1) |

For godkjende ansvarsrettar ut over dette vert det vist til vedtak av 28.8.2014.

**Vedtak**

«Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 søknad om endring av ansvarsrettar som omsøkt, jf saksutgreiing og vurdering ovanfor. Vedtaket er gjort administrativt etter delegert fullmakt frå rådmannen.

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.»

*Vedtaket kan påklagast etter forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.*

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
FAKTURAVEDLEGG 2014
Melding om enkeltvedtak og om rett til å klage over forvaltningsvedtak

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sudmann og Vaage Bygg AS | Dalemarka 85 | 5918 | FREKHAUG |